



Tommy Kolås
Seimsstranda 342
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7647 - 20/17618

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 175/16 Skår

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 175/16
Tiltakshavar: Tommy Kolås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.03.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje mogleg å søkja om bruksendring frå carport til hovuddel.
Søknad om bruksendring kan berre gjerast for endring frå tilleggsdel til hovuddel i ein bustad. Carporten er i dag open og endringa inneber at denne vert bygd igjen. Det må difor søkjast om tiltak utan ansvar i form av **tilbygg**, ikkje bruksendring.
2. I søknaden må De opplyse om eksisterande bebygd areal (BYA) og bruksareal (BRA) og ny BYA og BRA etter endring.
3. Viss innvendige endringar inneber inngrep i berande konstruksjonar, så må et ansvarleg føretak stå for søknad og utføring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Tommy Kolås

Seimsstranda 342

5912

SEIM